

Barnebunadar





Bunadar og stakkar frå Hallingdal

Gamal tradisjon - ny inspirasjon

Hallingdal har lange bunadstradisjonar.

Dalen har eit rikt utval av bunadar og stakkar, og det er mange ulike lokale variantar.

Bunadane som no er i bruk, er ei vidareføring av den gamle draktskikken,
utan at alle dermed er direkte kopiar av tilsvarande gamle plagg.

I bunadsarbeidet har ein granska tekstilar på museum, eldre foto
og anna biletmateriale, som til dømes teikningar av Flintoe.
Skrivne kjelder og eldre forteljingar har og vore til god nytte.

Dei fleste bunadane som vi kjenner til i dag er frå på slutten av 1600 talet og fram til i dag.

Det vart nytta stoff som ein laga sjølv eller som ein etter kvart fekk kjøpt.

Klesskikkane har endra seg i alle år, og vart påvirkta av motar frå Europa. Militærret påvirkta og utforminga på kleda.

Stakkane og bunadane frå Hallingdal er populære festplagg.

Alle bunadane frå Husfliden Hallingdal vert produsert i Norge og
me kan tilby eit rikt utval av mønster, materialar og tilbehør.

Velkommen til Husfliden Hallingdal!

BARNEBUNAD **- Øvre Hallingdal -**

I øvre Hallingdal, Ål og Hol vert det nyttar
forklede i svart ulldamask.

Luve og halsklut i silke





BARNEBUNAD **- Nedre Hallingdal -**

I Nedre Hallingdal, Gol, Hemsedal og Nes
vert det nytta forklede i småblomstrete
ullmousseline, samt luve.



Forklestoff

Forklestoff som vert nytta er:

ulldamask,
blomstrete ullmousseline
og rutete ullstoff



Ulldamask



Ull, rutete



*Ullmousseline
«Rosamona»*



*Ullmousseline
«Rose Petit»*



*Ullmousseline
«Rosita» - svart*



Ullmousseline, lys



*Ullmousseline
«Rosalinde»*



*Ullmousseline
«Rosetta»*



*Ullmousseline
«Rosemarie»*



JENTESTAKK

Stakken er i ullstoff i ulike fargar,
eventuelt rutete bomullsstoff.

Livet er i ullstoff eller silkestoff,
og er brodert eller pynta med band.

Stakkebandet kan gjerne vera kjøpeband
eller brodert på stramei.

Skjorta kan vera småblomstrete eller kvit.

Etter kort som dei blir eldre kan det brukast
livhjul / lærbelte med sølvspenne.



Stakkeband

Dei eldste stakkebanda vart vevde på bandvev. Seinare kom det stramei, og då vart det broderte stakkeband, mange av desse er kopi av vevmønster. Dei broderte rosebanda er gjerne kopi av kjøpte roseband. Kyrkjestakkane, som var dei finaste stakkane, hadde "tjukksaum-broderi".




Roseband



Åttebladrose



Roseband







Gol



Hemsedal




Hekla Stakkeband



Pynteband

Utvælet av pynteband vil variere



Stakkestoff



Grøn ull



Svart ull




Blå ull



Stripete Stakkestoff ull



Rutete Stakkestoff ull



Sort Ulldamask






Blå Ulldamask

Eit utval av stoff
til stakk og
bunad



Raudrutete Stakkestoff ull

Skjortestoff



Stakkeskjorta var anten kvit,
blomstrete, rutete eller i silke.

Jo finare stakk – desto finare skjorte.
Kragane kunne vera enkle, med
nuppereller eller med broderi.

Utvalet av skjortestoff vil variere.

GUTEBUNAD

- Med kvit trøye -

Brodert bunadsjakke og bukse, og med raud vest.

Nyttar kolleluve og kvit skjorte.





HELGEKLEU

- Med rutete skjorte -

Helgekleu er tufta på gamle arbeidsklede og har same bruksområde som stakk for damer.

Vest og lemmebukse, laga i klede. (tjukt ullstoff)

Skjorte er laga i rutete bomull med busserull-fasong.





HELGEKLEU **- Kvit skjorte -**

Til helgekleu kan ein kan og nytte
kvit skjorte og halsklut.



Barnebunadar



Bunad
Øvre Hallingdal



Bunad
Nedre Hallingdal



Jentestakk



Jentestakk



Jentestakk



Helgekleu
Rutete skjorte



Helgekleu
Kvit skjorte



Gutebunad
Kvit trøye



Helgekleu
Kvit skjorte



Helgekleu
Rutete skjorte

Vesker

Gol I



Til festbunad og stakk er det mest vanleg å
nytte veske med pompadur-fasong.

Veska kan vera i enkelt ullstoff, klede eller
ulldamask med broderi.



Anne Trillhus




Stakkvesker



Sjal & Skaut

I kaldt ver nyttar ein gjerne eit ullplagg over skuldrene. Og ullplagg vert og nyttta som hovudplagg.

Plagga kan vera vevde einsfarga eller rutete ullplagg, plagg i ull/silke, eller plagg i blomstrete ull-mousseline.



Sløyfer & Tørklede



Sølv



Barnesølje



Olinenål



Til festbunaden for barn er det vanleg med halsring og sølje.

Til stakken er vanleg med kryssnål og ei sølje eller Olinenål.

Beltet er livhjul med sølvspenne for større jenter.

Til gutane er det vanleg med kryssnål eller halsknapp.

Ein kan og ha kniv og klokkekjede.



Halsknapp



Halsnål / kryssnål



Klokkekjede



Sølvknapp



Stell av bunaden

Etter bruk må støv, skitt og sole vekk så fort som mogeleg, det same gjeld for flekkar av ymse slag. Rens bunaden ved behov.

Luft bunaden i frisk luft.

Vask skjorte etter bruk og legg den vekk utan å stryke den.

Legg eller heng bunaden vekk i bunadspose og skjortepose.

Hugs møllkuler, då møll har vorte nokså vanleg att.





Husfliden Hallingdal AS

Sentrumsvegen 120
3550 Gol

Tel: 32 07 40 60

Epost: hallingdal@norskflid.no

www.norskflid.no/hallingdal

